

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2017 49. årg.




Konfirmantleir

side 7



NMS 175 år

side 12



Reformasjonen - 500 år

side 16



Gullkonfirmant

side 10

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakonvikar: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 906 43 758
Vikar kyrkjev.: Gunnar Jansen Bjorland tlf. 962 32 582
Kyrkjevjerje: Olav Vegard Søyland (Sjukmeldt)

Time
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærer Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Klokkar:
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne
Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærer Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Lye forsamlingshus
Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189
Leiar i søndagssk.: Anne Gunn Vassbø tlf. 481 03 949

Undheim
Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: Johannes Nedreid tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 959 29 283
Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Barne- og familiepastor: Tove Hersdal tlf. 922 57 342
Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: "Bakke bro", av Knut Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.

Layout: Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 7. september.

Neste nr. kjem ut ca. 28. september 2017.

Til ettertanke

«...Det som skjer i naturen er eit godt bilete på det som skjer pinse..»



Ola Undheim

Pinsetid

Me er inne i ei flott tid. For meg er dette den finaste tida i året. Våren kjem med nytt liv. Heile naturen vaknar.

Sjølvs blir eg glad når eg opplever dette på ny kvar vår, og eg får forventningar om ein fin og varm sommar.

Det som skjer i naturen er eit godt bilete på det som skjer pinse. Me feirar fødselsdagen til den kristne kyrkja. Eg ser for meg Peter der han stod fram på den første pinsedagen, med stort frimod. Han fekk kraft frå Den Heilage Ande, han peika på kva Jesus gjorde for oss, det som gjer oss tilgitte og frie. Jesus er vår frelsar. Det er denne trua som gjer oss til ei kyrkje, til eitt folk. For meg vert glede over å vera ein del av den verdsvide kyrkja og Den norske kyrkja forsterka i pinsetida.

Vår eiga kyrkje er for tida inne i ei svært viktig tid. Sjølvstyret har blitt større, og diskusjonen går om viktige spørsmål, om kva som er rett lære. Meiningane er ulike og sterke etter at Kyrkjemøtet vedtok at menneske med

same kjønn skal få gifta seg i kyrkja. Nokre er glade for vedtaket. Eg er ein av dei. Andre er fortvila. La oss likevel tola kvarandre, respektera kvarandre og stå saman. Me står i ein lang, lang tradisjon frå den første pinsedagen. La oss samla oss om det sentrale som kyrkjefader Augustin sa: Fasthet i det sentrale, frihet i det perifere, men kjærlighet i alt. Eg håpar at den haldninga kan få prega og kjenneteikna oss. Kyrkja treng folk som står saman om det sentrale, med alle våre sterke og svake sider. Den treng alle oss som stundom brenn for å dela trua med andre, stundom trur og stundom tvilar.

Pinse var starten på noko stort. La oss føra det vidare. La forventninga leva om ei god tid for Den norske kyrkja og den verdsvide kyrkja.

God pinse og god sommar!

Ola Undheim
Soknerådsleiar Bryne kyrkje

Vår salme

O bli hos meg

*O bli hos meg! Nå er det aftentid,
og mørket stiger – dvel, o Herre blid!
Når annen hjelp blir støv og duger ei,
du, hjelpeløses hjelper, bli hos meg!*

*Snart svinner livets dag, det kvelder fort,
og jordens lys alt mørkner og går bort,
forandrings skygge følger tro min vei –
o du som ei forandres, bli hos meg!*

*Hver time trenger jeg din sterke vakt,
kun for din nåde viker mørkets makt;
hvor skal jeg vandre trygt foruten deg?
I mulm og solskinn, Herre, bli hos meg!*

*Når du velsigner, ei av frykt jeg vet,
sår gjør ei ondt, gråt har ei bitterhet.
Hvor er vel dødens brodd? Jeg frykter ei.
Du som har seiret, Herre, bli hos meg!*

*O la meg se ditt kors i dødens gys,
driv mørket bort og vær meg livets lys!
Da skinner morgenrøden på min vei.
I liv og død, o Herre, bli hos meg!*

*Tekst: Henry Francis Lyte 1847
Melodi: William Henry Monk*



Aksel Solvik-Olsen

Vi møttes i 1960 som elever på Rogaland Off. Landsgymnas. Berit fra Rosendal var 13 dager yngre enn meg. I det siste skoleåret ble vi kjærester. Vi giftet oss 29. april. 1967. Våre to sønner ble født i 1968 og 1972. Vi har hatt stor glede av å være besteforledre for jente og gutt.

I mange år drev vi egen næringsvirksomhet og økonomien var god. Gode venner og gode familier hadde vi også. Det vi ikke hadde var fritid. Vi var ikke aktive i kristenlivet på Bryne. Hadde ikke tid til det heller. 15. juni 2015 kom vi hjem fra 6 ukers ferieopphold i Tyrkia. Berit var ikke i form, skyldte på varmen. Hun snakket med legen og fikk komme samme dag. Neste morgen fikk hun telefon og beskjed om å bli kjørt til SUS straks. På slutten av dagen var det klart at Berit hadde blodkrefte og begrenset levetid. Hvor lenge? «Dere får feire jul i sammen i år. Det blir den siste sammen». Det sa legen. Ta med salmeboken og Bibelen fra nattbordet i

morgen, sa Berit til meg. Berit startet å planlegge sin begravelse. «Jeg kan ikke ha prest fra Time. De kjenner meg ikke. - Jeg vil ha «gatepresten» i Sandnes. Han kjenner meg fra samarbeid i rusomsorgen.» «Jeg vil velge salmer til begravelsen.» Berit la planer, valgte salmer, snakket med presten. Verdens mest kjente salme var førstevalget: O, bli hos meg. Skrevet av presten Henry Francis Lyle som levde fra 1793 til 1847. Berit valgte også den andre fellessalmen i kirken: Det er makt i de foldede hender». «Spør om Bjarte kan syng solo-sangerne.» Bjarte Lending er naboene Lending sin sønn.

Berit ble begravet på Time kirkegård 29. april. Det ble samme dato som vår bryllupsdag i 1967. Sammen med presten, Rune Skøyen, hadde hun satt sammen en avskjed som vi opplevde som sjelden fin.

Aksel Solvik-Olsen

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne
Parken senter Inngang ved
hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:
Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, stearinlys,
leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna
Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151



FRETEx butikk Bryne
Parken senter Inngang ved
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:
Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møblar,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna
Telefon 922 09 638

Opningstider : **måndag - fredag kl 10.00 - 17.00** **laurdag kl 11.00 - 15.00**
Opningstider 3. juli - 5. august : **måndag - fredag kl 11.00 - 16.00** **laurdag kl 11.00 - 15.00**

Herrens bøn (Fadervår)

«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bønna, kjem ofte som ei lang opprømsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bønna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvar menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, følgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filippa-rane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan

kvila i. Kvar ord me kan nytta i bønna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvar menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bønna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvar sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekor er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bønna er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem neste del.

Sjette bønna:

«Lat oss ikkje koma i freisting.»

Kva tyder det?

- Gud freistar ingen, men vi bed i denne bønna at Gud vil verja oss og hjelpa oss så djevelen, verda og vår eigen hug ikkje får narra oss og lokka oss til vantru, vonløyse og andre synder. Men vert vi freista til dette, bed vi at vi må vinna siger til sist. (Den vesle katekisma, Norsk Salmebok s1284)

Anders Frostenson skriv om dette i salmen «Guds kjærleik er som stranda og som graset» (Salmeboka 734): «Vi fridom fekk å bu der, gå og koma, å seia ja til Gud og seia nei.» Mennesket, født på nytt, har ved Anden ein fridom til å seia ja eller nei til Gud. Det smertefulle er freistinga og høvet til å seia nei, men utan den er ikkje vårt ja eit medvite val. I Romarane 7,25 skriv Paulus: «Med sinnet tenar eg Guds lov, men med kjøtet tenar eg syndelova.»

Luther seier at me vert freista av djevelen, verda og vår eigen hug. Djevelen ønskjer at me skal tru på han, setja vår lit til han og venta oss alt godt frå han. Verda lokkar med rikdom og ære og hugen vår søkjer etter å metta oss med nytingar. Tanken på djevelen ligg ikkje så nær for oss i vår tid. Den beste strategi for ein fiende er å få oss til å tru at han ikkje er der. Då kan fienden fritt leggja sine feller for oss. Meir kjent for oss er gleda over å bli beundra eller ha makt over andre. Og kven vil ikkje få dekkja sine grådige behov for nyting? Elska vår neste betyr medvite å gleda oss over at det går han eller henne godt og setja han eller henne fri frå vår makt. Det betyr å dela det me har fått for å leva, gje andre gode opplevingar og sette grenser for vårt begjær. Det betyr å gje vår neste plass i vårt rom.

Vantru og motløyse er djevelen sine frukter i våre liv. Når me ikkje lenger reknar med at all god gåve kjem frå Gud, har tru blitt til vantru. Når me gjer opp å kjempa for sanning og rettferd og fred fordi det ikkje nyttar, har håp blitt til motløyse. Då har me valt Far bort frå våre liv.

Stephen Sirris skriv: Verbet «agapósin» (elske,brukt om Guds kjærleik) uttrykker en holdning basert på dømmekraft. Det betyr at kjærlighetens mål eller objekt er bevisst valgt. (Luthersk kirketidene, nr. 6-17, s157).

Freistinga er mellom dei ting me har vondt for å komma til rette med. Kvifor lét Gud meg møta freistingar?

«Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte, og av heile di sjel og av alt ditt vit» og «Du skal elska nesten din som deg sjølv.» Bodet seier noko om å ta eit medvite val om at Gud er målet for vår kjærleik. Då mennesket første gong synda, gjorde det eit medvite val om å trossa Gud. «No fekk kvinna sjå at treet var godt å eta av og ein fryd for auget, så ho tok av frukta og åt.» 1. Mos.3,6.



Foto: KAA

Herrens bøn (Fadervår). Bønna er retta mot første personen i Gud, Faderen

Derfor bed me:

Vår far, lat oss ikkje koma i freisting.

Lær oss å setja vår lit til at du gir oss alt godt me treng for å leva.

Gje oss å sjå framtid og håp, når motløysa vil kvela oss.

Verna oss mot djevelen. Gje oss kraft til å stå imot når verda eller vår eiga lyst lokkar oss til å gjera det som er galt.

Lær oss medvite å velja å elska deg og vår neste som oss sjølve.

Gunnar Frøyland

Sælt er det mennesket som held ut i freistingar. Når det har stått si prøve, skal det få livsens sigerkrans, som Gud har lova dei som elsker han. Ingen som vert freista, må seia: «Det er Gud som freistar meg.» For Gud blir ikkje freista av det vonde, og sjølv freistar han ingen. Alle blir freista av si vonde lyst, som lokkar og dreg. Sidan, når lysta blir svanger, føder ho synd, og når synda er mogen føder ho død. Far ikkje vill, mine kjære sysken! All god gåve og all fullkomen gåve kjem ovanfrå, frå han som er Far. (Jakob 1,12-17a)

For vi har ikkje ein øvsteprest som ikkje kan lida med oss i vår vanmakt, men ein som er prøvd i alt på same måte som vi, men utan synd. Lat oss difor stiga fram for nådens kongstol med frimod, så vi kan finna miskunn og finna nåde som gjev hjelp i rette tid. (Hebrearane 4,15-16)

Herrens bøn - "Vår far"

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Blide leirjenter



Glade leirjenter, frå v. Helle og Inger

Helgedagen får møta to smilande leirjenter ein ettermiddag i mai. Dei er reine veteranar i leirliv! Begge har allereie vore på 8 leirsamlingar, og dei er ikkje eldre enn 4. klasse!

Jentene, Inger Eikeland og Helle Risa går i same klasse på Undheim skule. På påskeleiren dette året, var dei faktisk 5 jenter frå denne klassen på Holmavatn leirstad. Men det starta i 2. klasse. Då var dei på førjulshelg på Holmavatn, såkalla "julegåve-weekend". Då sov dei to netter åleine, utan mor eller far. Heimlengt kan nok melda seg for somme, men det har gått greitt, seier dei. På påskeleiren var dei òg heimefrå to netter, rundt Palmesøndag. Nå sist påske var dei om lag 50 born, men dei hugsar at dei var over 100 ein gong. Dei har sunge påkesongar og høyrte påske-evangeliet. Leiarane er så flinke til å fortelja, seier dei. – Det er akkurat som dei er der! Borna får også dramatisera, og Helle fortel at ho vart heilt slitent av å vera Moses som skulle halda oppe koparslangen i øydemarka. Og slangen såg ekte ut!
- Det er veldig gildt å vera på leir! Jentene ser så begeistra ut at det er ikkje tvil, leir er berre heilt kjempebra!
Leirane dei brukar å vera på, har noko dei kallar Peter-



Inger og Helle kan slappa av òg



Spreke jenter trengs på leir



Trenar dei for sommarleir?

Fakta:
Her i Rogaland er det leirtilbod til gutar og jenter frå 2. - 7. kl:
Førjulshelg, påske- og sommarleirar.
Fleire leirstader i fylket (sjå nettsider til misjonsorganisasjonane)

skule. Då får dei ein systematisk gjennomgang av bibel-soga, og det er stort sett dei same leiarane som møter dei frå gong til gong. – Då får me trenna minnet, og sjå kva me hugsar frå forteljingane, fortel dei.

Leir-aktivitetane varierer etter årstida. Om sommaren er det fint å vera ute, og dei har ymse konkurransar, badar – og leikar seg ute.

Dei er godt nøgde med maten, til og med dessert på søndagen. Og der er noko godt pålegg dei elles ikkje får så ofte heime – og rikeleg med kakao! Kiosk har dei òg, så her er gode dagar på alle vis.

Her er også snuspersonar, men ikkje med rund øskje. Desse snusarane skal sjekka kven som har dei ryddigaste romma. Inger og Helle har i alle fall vorte nestbest ein gong i rydding.

Leiren har kosekveld der deltakarane er med og lagar programmet. Det likar dei, og dei viser spontant ein pølse-mann-sketsj som dei har vore med på.

Kva er så kjekkast på leir? Alle aktivitetane, vera med venner, og alle bibelhistoriene som vert så levande for dei.

Dei glade leirjentene har planane klare for leir nummer ni, og gleder seg allereie til den.

Tekst og foto: LHH

Loved KonfCamp Etne 2017



Første halvdel av påskeferien 2017 reiste 45 konfirmantar og leiarar til Etne på konfirmantleiren «Loved KonfCamp Etne» som Acta arrangerer. Til saman var det 400 konfirmantar på leiren.

Det var overnatting på skulen, som har kort avstand til kyrkja der mykje føregjekk. To dagar var det mange som reiste til skitrekking i Røldal, medan andre hadde aktivitetar som klatring og fotball i Etne. Konfirmantane våre vart kjende med konfirmantar frå andre stader gjennom blant anna speed-dating og disco i kyrkja. Dei var og på gute- og jenteseminar, og møtet med tidlegare rusmisbrukar Tommy Byggstøyl gjorde sterkt inntrykk.

Kvar dag var det to møte i kyrkja med lovsong og forkynning. Konfirmantane fekk utfolda seg på India-marknaden der dei selde varer og tenester til kvarandre til inntekt for eit skuleprosjekt i India. Kveldane vart avslutta i soveposen lyttande til den svært lokale, direkte på lufta EtneRadio.

Ein fantastisk gjeng som var på ein veldig bra leir!

Ingfrid Time Nærland



Ungdom med glød...



Randi Skårland

Opphaldet mitt i Indonesia

Eg er Randi Skårland og kjem frå ein gard på Herikstad i Time.

Dette skuleåret har eg gått på Fjellhaug Bibelskule i Oslo på ei linje som heiter TeFT (Tent For å Tene). Med denne linja reiste eg og fem andre til Indonesia i november 2016. Me kom

heim att i slutten av mars 2017 og fekk dermed eit opphald på rundt fem månadar. Under opphaldet i Indonesia lærte me litt språk, hadde heimeundervisning med misjonærene og ein del praksis. Me var til dømes på ein barneheim omlag kvar laurdag. Her hadde me engelskundervisning for borna, og nokre gonger reiste me til eit basseng for å læra dei å symja. På nyåret reiste me på fleire misjonsturar rundt i Indonesia. På desse turane hjelpte me til med søndagsskule. Me hadde til dømes dokketeater og song saman med borna. Me levde relativt primitivt, sov på golvet, åt lokal mat og dusja i

regnet.

Noko av det som gjorde mest inntrykk var ein kveld eg sat utafor huset vårt i ein landsby langt inne i skogen. Eg sat og såg ut over landsbyen og tenkte: "Eg burde eigentleg tykt synd på desse menneska." For det har me høyrte heime. Me får ei forståing av at dei som ikkje har det så materialistisk godt som oss, burde me ha medkjensle med og gjerne senda dei pengar for å hjelpe dei. Men eg innsåg at eg syntest faktisk ikkje synd på dei. Eg misunte dei. Deira liv vitna om ei takksemd og glede for kvarandre og det litle dei hadde, som eg aldri har sett før. Dei tok vare på kvarandre. Eg forstod då at nettopp dette manglar me i Noreg; det å ta vare på kvarandre, å tenkja på andre og anerkjenne dei rundt oss.

Etter at eg kom heim, har eg blitt meir bevisst på at det er viktig å leva eit liv som til tider kanskje kan virka annleis. Eit liv som vitnar om takksemd og glede for det som Jesus har gjort for oss. Det er ikkje alltid nødvendig å fortelja andre med ord at du trur på Jesus, men la livet me lever fortelja det.

Randi Skårland



Andrea Espedal (Bur på Bryne)

I år er eg avgangselev ved Tryggheim VGS. Eg har difor tenkt på kva eg skal gjera til hausten. Etter fleire søknadar på litt av kvart, havna til slutt valet på skulen Hald Internasjonale Senter. Der skal eg gå på ei linje som heitar InterAct, Laget si linje. Saman med ei anna skal eg til

Colombia 6 månadar.

Bibelstudier, latinamerikanske rytmar og dans, spansk-timar, reise, presentasjonar og organsisasjonsarbeid... dette er nokre ord som kan beskriva opphaldet til Hald-studentane i Colombia. Hausten 2015 starta Hald utveksling med UCU (Unidad Cristiana Universitaria) Colombia. Dei frivillige frå Hald vil bu i UCU sitt hus

som kvar veke er fylt med studentar som deltek på møte. Dette gir høve til gode vennskap og er eit viktig møte med kulturen.

Eg har alltid hatt lyst på eit friår, læra meir om Bibelen, reisa rundt i verda og læra om nye kulturar. I alle fall med tanke på at me i Noreg lever i ei slags boble, der me har det me treng. Difor blir det lærerikt å vera i eit fattig land som har vore og er prega av kriminalitet. Og så blir det kjekt å læra eit nytt språk!

Hald Internasjonale Senter er ein fagskule i tverrkulturell forståing og internasjonalt arbeid. Skuleeigarar er Strømmestiftelsen, Det Norske Misjonsselskap og Laget som har kvar sitt utvekslingsprogram gjennom Fredskorpset. Studiet er ei god blanding av teori og praksis, der alle studentane har eit 6,5 månadars praksisopphald i ein annan kultur.

Andrea Espedal



Ingrid Bjelland

Heisann! Dette er Ingrid Bjelland, og jeg har vært elev på bibelskolen «Gå ut senteret» i Trondheim dette skoleåret. Her endte jeg opp fordi jeg fikk et tydelig kall fra Gud om at jeg skulle til Etiopia. Gjennom linja «Global disippel» reiste jeg til hovedstaden Addis Abeba i Etiopia for praksis i 4,5 måned. Det var forøvrigt noen alminnelige og hverdagslige måneder i en annerledes kultur, hvor jeg ble utfordret, hadde det gøy, var syk, savnet familien, og ikke mins lærte mye om Gud og min identitet i ham.

Hovedoppgaven min var å jobbe i en barnehage gjennom organisasjonen «My sisters women welfare», som driver med hjelp til selvhjelp for de fattigste i byen. Barna kommer fra svært dårlige kår, og vi fikk utveksle mye omsorg og glede sammen med dem. De var ofte veldig syke, og plutselig ble jeg selv smittet en dag. Det ble så alvorlig at jeg endte opp med en ukes opphold på sykehus. En opplevelse som har satt dype spor fra oppholdet, var blant annet taxituren på veg til sykehuset. I taxien satt jeg nærmest halvdød, følte jeg da vi begynte å kjøre. Så passerte vi strøket hvor fattige, syke og skada sitter tett i tett på gata. Tårene trilla. Ikke fordi jeg følte meg dårlig, for plutselig følte jeg meg heller bare frisk i forhold til menneskene jeg så. Det ble så urettferdig; jeg var skikkelig dårlig og svak, men jeg visste at de på gata hadde det så ekstremt mye verre. I tillegg hadde jeg en lettvent og god utveg, ettersom jeg var på veg til Etiopias beste sykehus. Jeg ble sjokkert over reaksjonen

min, fordi jeg plutselig så disse på gata med et nytt blick. Selvfølgelig var jeg takknemlig for at jeg hadde gode muligheter tross alt, men også irritert over at jeg kjente på takknemlighet, og irritasjon fordi jeg måtte kjenne meg syk selv for å kjenne på inderlig medlidenhet for de syke på gata. Det førte til at Gud brukte denne (i utgangspunktet dårlige) situasjonen til å åpenbare for meg hva Jesus mener når han snakker om inderlig medlidenhet i Bibelen, hvorfor det blir til stor glede for motparten, meg selv, og ikke minst Gud, å hjelpe utfra inderlig medlidenhet istedenfor «bare» å hjelpe. Jeg lærte med det samme at det ikke handler om å hjelpe for å forandre hele verden, men at det handler om enkeltmennesket man treffer, og at det kan være alt fra å gi en klem, bønn, samtale eller til gaver og tjenester. Det kan også ofte være vanskelig å hjelpe, men ved å ha Gud på laget og be han om hjelp først, tror jeg det blir enklere. I tillegg tror jeg at det absolutt vil bli en større GLEDE enn det blir et ORK, fordi det faktisk er det Gud mest av alt ønsker at vi skal; elske Ham, og min neste som meg selv.

Dette er altså noe jeg ble oppmerksom på, som jeg fortsatt lærer av, og som jeg er nødt til å lære av livet ut. Jeg er veldig glad for at når vi kommer som vi er fram for Gud, blir det en spennende reise med Ham hvor vi oppdager og lærer noe nytt hele tiden.

Jeg vil avslutte med begeistring over hvor stilig det er at Gud kan ta i bruk vonde situasjoner og bruke dem til noe godt. «Life is unfair, but God is good», et livsviktig sitat å ta med seg. Jeg hørte det fra pastoren i den internasjonale kirka i Etiopia.

Hilser med bibelteksten Lukas 10, 25-37

Ingrid Bjelland



Gullkonfirmant 2017:

“Mot og vilje - press og støtte”



Aslaug Marie Undheim er ei av mange gullkonfirmantar som søndag 11. juni møttest til 50 års jubileumsfeiring med gudsteneste i Time kyrkje og festmiddag på Undheim.)

Aslaug Marie Undheim var berre 17 år då ho bestemte seg for å bli lektor. “Mot og vilje – press og støtte” har vore som eit livsmotto for henne. Det same gjeld uttrykket “Skitt, la gå”, som er med henne frå tidleg barndom då ho kasta seg ut i noko utan å vera sikker på korleis utfallet ville verta.

Aslaug kjem frå ein liten gard på Undheim. No bur ho i Bjerkreim og er rektor på Dalane videregående skole i Egersund. Helgedagens utsende fekk audiens på rektors kontor og fekk høyra mykje livsvisdom.

Korleis opplevde du konfirmasjonstida?

- Konfirmasjonsførebuinga skulle vi ha i 8. Klasse. For oss frå Undheim var dette det første skuleåret på Time ungdomskule. Sokneprest Casper Henning skulle undervisa. Han døydde brått den hausten, og etter kvart vart Jens Bjelland etterfølgjaren hans, og det var han som konfirmerte oss. Vi fekk spørsmål om vi ville konfirmerast etter “gamal” eller “ny ordning”. Den “gamle ordninga” inneheldt eit spørsmål om vi ville “forsaka djevelen og alle hans gjerningar og alt

hans vesen”. Etter å ha svara på dette ville konfirmanten verta velsigna. Den nye ordninga inneheldt berre velsigninga. Eg tykte det var svært alvorleg å seia ja til forsakinga, sjølv om eg ønskte å etterleva eit slikt løfte. Eg valde å verta velsigna, men tykte det var modig og reflektert av den eine unge jenta som ved alteret i dåverande Undheim kapell lova å forsaka djevelen. Fleire av oss var ganske bevisste på at konfirmasjonen var ei stadfesting av trua. Vi tenkte gjennom kva vi ville stå for, og kva verdival vi ville gjera. Det var også ei byggjande tid for eit gryande trusliv.

Korleis har livet ditt vore når du ser tilbake?

- For meg var det sentralt å få utdanning, viktig å klara meg sjølv. Mange av oss vart påverka av kvinnefrigjeringstankar sist i 60-åra og tidleg på 70- talet. Då eg var 17 år, sette eg meg mål om å bli lektor. Det gjekk godt.

Eg er takknemleg for eit liv med god helse, gode relasjonar til mange, både til dei som står meg nærast og til dei eg arbeider med.

Aslaug har hatt mange spanande stillingar. Ho arbeidde på Bømlo vid. skule etter endt utdanning og har vore på Distriktshøgskulen i Rogaland, (UiS no). Ho har også vore

seksjonssjef i opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og prosjektleiari i Utdanningsdirektoratet (Kunnskapsløftet).

Korleis var det å flytta til Espeland i Bjerkreim?

- Eg var ikkje begeistra for det. Følte at fjella kom i hovudet på meg. Men etter flyttinga har eg hatt mange utruleg spanande og utfordrande oppgåver både i arbeidssamheng, i lokalpolitisk arbeid, og i anna engasjement i lokalsamfunnet.

Familien betyr mykje for Aslaug. Ho har vore gift i over 40 år, har to søner, to svigerdøtre og to barnebarn. Ho gjer det ho kan for å vera saman med dei.

Ho har også mange interesser og nemner spesielt litteratur, teater, film og musikk. Dessutan reising og noko handarbeid.

- Heilt sidan eg såg Dr. Zhivago medan eg gjekk på gymnasen, har filminteressa vore med meg. Og klassisk musikk gjev meg mykje.

Aslaug Marie er no med i kontrollutvalet i kommunen. Ho brenn for naturvern, og i det siste har vern av Fossbrekka (eit naturområde i Bjerkreim) vore viktig for henne.

- Eg har erfart at herlege naturopplevingar gir overskot og nye krefter!

Kva tankar har du om ungdom før og nå?

Ungdommane no møter mange krav om korleis dei bør vera og korleis dei bør sjå ut. Det betyr mykje kva venene meiner og forventar. For mange vert dette krav det er vanskeleg å leva opp til.

- Eg voks opp i ei lita bygd, mykje var ganske gjennomiktig, på godt og vondt. I klassen min hadde vi 9 jentene eit svært godt samhald der vi støtta kvarandre. Det betydde svært mykje, ikkje minst sidan nokre litt eldre jenter på Undheim skule kunne vera ganske vemmelege mot fleire av oss.

Det er utruleg viktig å ha lærarar som bryr seg om den enkelte, det er avgjerande å skapa trygge rammer, det gjeld også for elevar som går i vidaregåande opplæring. Det er også viktig at elevane vågar å vera sjølvstendige og å stå for verdiane sine. Det er ikkje alltid så enkelt, men eg ser også at mange unge er støttande og inkluderande overfor kvarandre. Sjølvtilitt for ungdom er også viktig, det å kjenna at ein får til noko og at ein duger, er med på å skapa tru på egne ferdigheiter, på ein realistisk måte. “Mot og vilje, press og støtte” i god balanse er avgjerande. Frå eigen oppvekst er minna sterke om at vi ikkje måtte tru at vi var noko, og at “hovmod står for fall”. Dette vart i nokre samanhengar formidla så sterkt at det tok svært lang tid før eg kunne ta til meg at eg dugde og greidde å få til noko som var av litt betydning.

Vil du anbefala ungdom i dag å konfirmera seg i kyrkja?

- Ja, det vil eg gjerne. Det er fint å ha ei tid der vi kan reflektera over store spørsmål. Kven er eg? Kva vil eg tru på? Kva verdier vil eg ha i livet mitt? Korleis vil eg leva mitt liv? Kva samheng står eg i? I familien, i lokalsamfunnet, i Norge og i ein større global samheng.

Tekst og foto: RT



Aslaug Marie Undheim utanfor Dalane videregående skole der ho er rektor

175 år:

Det Norske Misjonsselskap



Foto KAA

Administrasjonsbygget til Det Norske Misjonsselskap ligg i Stavanger



1842 står det i misjonsmerket, logoen, som har vore kjennemerket for Det Norske Misjonsselskap. I fjor vart dette gamle merket erstatta med ein ny moderne logo



NMS er den eldste misjonsorganisasjonen i Norge og vart grunnlagt i Stavanger i 1842, der administrasjonen framleis held til. Selskapet er konfesjonelt luthersk og nært knytta til Den norske kyrkja. Før 1842 støtta misjonsfolk i Norge utanlandske misjonsselskap. Det trufaste arbeidet for misjon i bygd og by her heime har alltid vore avgjerande for at Guds ord skulle nå nye folkeslag. I 1904 vedtok NMS si generalforsamlinga at kvinner skulle ha røysterett, altså heile ni år før dei fekk stemma ved stortingsval i Norge, 1913.

Den første misjonæren var Hans Paludan Smith Schreuder. Han kom til Sør-Afrika i 1844 og arbeidde i Zululand frå 1850. I 1866 starta dei første misjonærene på Madagaskar, som etterkvart vart det største misjonsfeltet. Andre misjonsfelt med stor innsats er Kina frå 1902, sidan 1948 Hong Kong, og Kamerun frå 1925. Tradisjonelt vart det drive eit omfattende arbeid innan kyrkje-, skule- og helsesektoren. Nå er det misjonsarbeid også i Japan, Thailand, Etiopia, Mali, Pakistan, Brasil, Midtøsten, Estland og England.

Arbeidsformene er ikkje dei same som i starten. Samarbeid med sjølstendige kyrkjer, og støtte til prosjekt av ulike slag, er vanleg arbeidsform i dag. Ved Misjonshøgskolen, Vid, er det mange studentar frå samarbeidskyrkjene. Dei får vidareutdanning og vert rusta for teneste i kyrkjene i sine heimland.

Kamerun

Fordi eg kjenner Kamerun best, etter misjonæreneste der i perioden 1961-79, vil eg gi glimt derifrå med tanke på pionerane og jubiléet me snart skal feira. Det Norske Misjonsselskap starta arbeid i 1925. I 1934 vart det bygd ei stor kyrkje med plass til 400 i Ngaoundéré, staden som var utpeika som sentrum for NMS sitt arbeid i landet. Denne kyrkja må me kalle eit enormt trusprosjekt, og mange lo. Likninga om det vesle sennepsfrøet vart lesen på vigslingsdagen. "Kva skal vi samanlikna Guds rike med? - Det er som sennepsfrøet. Når det blir sådd, er det mindre enn noko anna frø på jorda. Men når det er sådd, skyt det opp og blir større enn alle hagevokstrar" (Mat. 4.30-33). Det var nemleg bare fire døypte på Adamouaplatået då, mor, far og to søner.

Slik var situasjonen då misjonsprest Sverre Fløttum og kona,

Anne-Marie, starta sin arbeidsperiode, 1934-1959. Evangeliet om Jesus Kristus til alle folkeslag må ha vore daglege motto. Å få dei fire evangelia omsette til mboum-språket var deira første og store oppgåve. Mboum eksisterte ikkje som skriftspråk, menneska tilhørde totalt dei unådde folkeslaga og var analfabeta. Aviser og anna lesestoff var null-begrep. At velutdanna menneske då brukar livet til omsetjingsarbeid verkar menneskeleg talt og tenkt lite smart. Men opplæring og evangelisering gjekk hand i hand. Dei fire evangelia vart trykksak. Dei unge las og hausten har vorte stor. På NMS sitt felt i Nord-Kamerun står det kristne arbeidet sterkt i dag, med store og små kyrkjehus, skular og sjukestover i landsbyane utover savannen.

Ved sida av kyrkja frå 1934 står det i dag ei ny stor kyrkje. Den vart bygd for eit nytt tusenår, - Milleniumskyrkja. Biletet får tala om år og misjonsinnsats frå starten og fram til i dag: "Den gode sæd har båret frukt, i fjerne verdens egne!"

Generalforsamling og 175-årsjubiléum 28. juni - 2. juli

Når NMS bed til generalforsamling i Stavanger denne sommaren, vert det samstundes for å markera at det er 175 år sidan starten i Stavanger. "Det blir dager tettpakket med variert program", står det i programmet. 175 år ligg bak, men mest av alt vert det fokus på framtida. NMS ynskjer hjarteleg velkomen til generalforsamling og feiring i Stavanger!

Maskar i eit nettverk

Dette er boka om NMS-foreningane i Time som kom ut i 1998. Der kan me lesa at "prestegjelda på Jæren sende bidrag til misjonen i 1841 og 1842. I 1843 vart det sendt 4 Spd. og 6

skilling frå Lye Prestegjeld, og i referat frå Stavanger krets ved 100-årsjubiléet i 1946 står det at "Time kvinneforening er den eldste". Tidlegare heitte ho "Lye kvindeforening", truleg etter prestegarden der foreninga hadde sine samlingar".

Ned gjennom åra har det vore stort misjonsengasjement i vår kommune og mange foreningar for NMS. Både barn, unge, kvinner og menn har vore og er støttespelarar. Julemesse og gjenbruksbutikk er meir moderne arbeidsverktøy for å skaffa inntekter til misjonen.

Boka har eit kapittel om NMS-misjonærar utsende frå Time. Den første det er fortalt om er Per Skaar Undheim som reiste til Madagaskar i 1937 og kom heim for godt i 1952. Den siste er Dag Johannesen som har arbeidd i Thailand frå 1998. Misjonærlista frå Time har 15 namn. Det gir mange årsverk. "Maskar i eit nettverk" er spanande lesnad. Har du boka, så la ho ikkje bli ståande i bokhylla. I gjenbruksbutikken kan ein vere heldig å få kjøpe boka.


Samlingsfest for NMS-foreningane 10. september på Fotland bedehus.

175 år har fare hen sidan spesidalar og skillingar vart sende frå vårt prestegjeld til Misjonen i Stavanger. Nå skal me samlast for den same saka på Fotland bedehus denne septembervelden 2017. Det gir perspektiv til den kjende strofa: "Slekt skal følge slekters gang," og misjonsbodelyder framleis: Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar. (Mat. 28.19) Vel møtt til misjonsfest på Fotland!

(Sjå program for kvelden s. 23)

emb

Det starta som Det Norske Misjonsselskap. Nå er namnet forlengst l'Eglise Evangelique Luthérienne au Cameroun - Den evangeliske lutherske kyrkja i Kamerun.



Milleniumskyrkja i Ngaoundéré vigslingsdagen i 2008. Prosesjon av prestar som deltok. Dei har fått si utdanning på kyrkja sin eigen presteskule i Meiganga. I bakgrunnen kan ein skimte den gamle kyrkja frå 1934.

Gjevartenesta Bryne kyrkje



Bryne kyrkje

“Korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner?” (Romarana 10,14).

Dette var overskrifta for den årlege aksjonen me hadde for å retta fokuset mot gjevartenesta i Brynekyrkja hausten 2016. Kvifor dette “pengemaset”? Jo, det handlar om arbeidet blant barn og ungdom på Bryne.

I kva grad lukkast me med å nå dei mellom 0 og 18 år i kyrkjelyden? Nokre av tiltaka me jobbar med er dåp-samtalar, utdeling av barnebibel, jungelkor, jungelgjeng, dåpsskule, tårnagenthelg, konfirmantarbeid og anna ungdomsarbeid for å nemna noko. Tala i årsmeldinga frå 2016 fortel at kyrkjelyden på Bryne her ikkje lukkast fullt så godt som dei i Time og Undheim. Noko skuldast nok at barn og ungdom på Bryne har mange tilbod å velja mellom. Difor krev det meir å vera synlege og tilstades for dei. Samstundes ser ein at Familiefokus, med gudstenester som er retta særskilt mot unge familiar, har auka oppslutning. I 2016 fekk kyrkjelyden inn vel 466 000 gjennom denne gjevartenesta. For 2017 vonar vi å få inn 600 000. Takk til alle som er med på dette. Vit at det de gjev, vert øyremerkta barne- og ungdomsarbeidet. Det går til å løna nokre av dei som jobbar spesielt med dette området.

Men er det ikkje slik at kyrkjelyden får rause offentlege tilskot, og at alle som betalar skatt indirekte er med på å

støtta kyrkjelyden sin? Jo, enn så lenge har det vore slik, men det er likevel ikkje nok til at me i Bryne kyrkje kan gjera det me tykkjer er viktig og naudsynt med tanke på born og ungdom. Det er heller ikkje gitt at stat og kommune i framtida på same måte vil vera kyrkjelyden sin “hovudsponsor”.

Kva er det då rimeleg at det einsskilde medlem i kyrkjelyden bør bidra med? I dag er det 70 faste gjevvarar i kyrkjelyden på Bryne. Burde det vore fleire, og burde nokre av dei som gjev, gje meir? Det er nokre fordelar med å gje fast gjennom gjevartenesta. Det gjev kyrkjelyden føreseielege vilkår. Ein veit kva aktivitetar ein kan planleggja ut i frå. For gjevaren går det automatisk ut av kontoen kvar månad (og for mange utan at dei merkjer det spesielt), og for dei som betalar skatt, er det sjølvsgatt gunstig at ein får automatisk fråtrekk på inntil 30 000. Dette gjeld sjølvsgatt ikkje berre Bryne, men og for dei i kyrkjelyden i Time og på Undheim.

For meir info om gjevartenesta, ta gjerne kontakt med kyrkjelydskontoret!

*Leif Harboe
Kasserar i soknerådet på Bryne*

Sommarkveld med Jærklang

10. juni



Jærklang

Koret er svært glad for at Øyvind Nordsletten har sagt ja til å vera med oss denne kvelden. Den tidlegare diplomaten og ambassadøren har bak seg svært så innhaldsrike arbeidsår i utanriks-tenesta, og det er alltid inspirerende og spennande å høyra på han! Som pensjonistar har han og kona kome attende til «røtene» og busett seg på Hognestad i Arkjå, huset dei fekk Time kommune sin kulturvernpris for restaureringa av i 2008.

Jærklang vil ha eit variert repertoar denne kvelden, og du som kjem vil få rikeleg høve til å ta del i allsongen! I tillegg til koret har me fått med oss Åsulv Kvammen som vil bidra med song og musikk.

Blandakoret Jærklang vil og dette året invitera til sommarkveld i Brynekyrkja med mykje song og musikk, foredrag, kaffi og noko å bita i – og ikkje minst – god tid til “den gode drøsen”. Me skal og få høve til å støtta Stefanusalliansen i det viktige arbeidet dei gjer.

Stefanusalliansen vart starta i 1967 då under namnet Misjon bak Jernteppet. Intensjonen var å hjelpe kristne i Aust-Europa og Sovjetunionen som hadde det svært så vanskeleg under kommunistperioden. Arbeidet er i dag retta inn mot muslimske og kommuniststyrte land i Asia og Midt-Austen, og tidlegare kommunistland i Europa. Organisasjonen driv eit viktig arbeid for å hjelpe kristne brødre og søstre som lever under heilt andre forhold enn det me gjer her i Noreg! Me kan lova deg eit rikhaldig, sommarleg program som du må få med deg!

Set av kvelden og kom til Brynekyrkja!

AV


Laurdag 10. juni kl 1900 i Bryne kyrkje

SOMMARKVELD

med JÆRKLING

PROGRAM og GJESTER:

- * Øyvind Nordsletten kåseri
- * Åsulv Kvammen song og musikk
- * Korsong
- * Allsong
- * Kollekt til Stefanusalliansen
- * Matøkt



OPPTAKTEN
4 bibelkveldar med 8 tema i Bryne kyrkje hausten 2016.

FESTKVELDEN
7. mars fekk ei stufull Bryne kyrkje oppleve forfattar og folketalar Edvard Hoem på sitt beste. Tema var Martin Luther i norsk kyrkje- og samfunnsliv. Kulturkvelden var eit samarbeid mellom sokneråda og Time historielag. Jens Olav Mæland tok for seg sider av reformasjonen i Time. Blandakoret Jærklang leia ei salmerise frå Luther til Hoem. Kvelden var uforgløymeleg både i innhald, stemning og oppslutning.

Kveldsgudstenester
HAUSTEN 2017

Nr. 1 - 27/08
KOM NÅDEN
til Jæren?
♣ Kjetil Aano ♪ Brass

Nr. 2 - 17/09
SKAPARVERKET
er ikkje til sals
♣ Foredrag ♪ Time kulturskule

Nr. 3 - 15/10 Økumenisk gudsteneste
FRELSA
er ikkje til sals
♣ Stein Ødegård og andre pastorar
♪ Lovsangsband

Nr. 4 - 19/11
MENNESKE
er ikkje til sals
♣ Jørn Lemvik ♪ Time kulturskule

PANELSAMTALE OM KYRKJE OG POLITIKK:

”- Å lyda Gud meir enn menneske.”

På Time bibliotek torsdag 26.oktober vil Tom Hetland (bilete) leia ein panel-samtale med kjente politikarar: «Luther utfordra samfunnet; bør det utfordrast i vår tid? Korleis?»

Kvelden og samtalen blir innleia med eit spissa føredrag av Bård Mæland.



27.08	Temagudsteneste nr. 1 "Kom nåden til Jæren?"	Bryne kyrkje kl.19.00	15.10	Temagudsteneste nr.3 "Frelsa er ikkje til sals" Økumenisk gudsteneste for menigheter i Time	Bryne kyrkje kl.19.00
01.09	"Luther med latter" Kabaret med Ryfylke Livsgnist	Storstova kl.19.30	26.10	Panel-samtale om kyrkje og politikk: - "Å lyda Gud meir enn menneske."	Biblioteket
13.09	Føredragskveld i samarbeid med folkeakademiet: "Luther og reformasjonen; eit vendepunkt i Europa, og hos oss" v/ Jens Olav Mæland	Storsalen Garborgsenteret kl.19.30	31.10	"Luther og Bach" Konsert og føredrag. Bach si orgelmessa. Luther og bilet-kunsten.	Bryne kyrkje kl.18.00
17.09	Temagudsteneste nr.2 "Skaparverket er ikkje til sals"	Bryne kyrkje kl.19.00	19.11	Temagudsteneste nr.4 "Menneske er ikkje til sals"	Bryne kyrkje kl.19.00
sept	Utstilling: "Litteratur med spor av reformasjonen"	Biblioteket			

LUTHER OG BACH

Tysdag 31.oktober kl.18 | Bryne kyrkje

Dette blir "Luther-Halloween" på Jæren - Ei storhending på sjølve reformasjonsdagen!

Gunnar Danbolt - kunsthistorikar og velkjent formidlar- kåserer om Luther og biletkunsten.

Organistane **Kolbein Haga og Ivar Mæland** - med songarar og musikarar - framfører Johann Sebastian Bach si store orgel-messa.

Orgelmessa er skriven til 200-årsjubileet for lutherdommen i Leipzig i 1739. Bach skreiv dette som sitt orgelmusikktestamente. Verket vert på folkemunne kalla Den store orgelmessa.



LUTHER MED LATTER

Storstova
1. september kl 19.30
Billettpris kr 250,-

Ryfylke Livsgnist presenterar førestillinga «Luther med latter» - eit historisk og humoristisk skråblikk på kva Lutherdommen har ført med seg gjennom 500 år i våre bygder og byar.

Billettsal på www.storstova.com



Satsar på flygel i Bryne kyrkje



Per Olav Egeland (til venstre) og Håkon Urstad viser eit flygel som kan vera aktuelt for Bryne kyrkje

Bryne sokneråd har etablert ein komité for å skaffa nytt flygel til Bryne kyrkje. Helgedagen møtte to av dei engasjerte for å få vita meir om prosjektet.

- Eit godt flygel i kyrkja vil forbetra musikkopplevinga og såleis berika gudstenester og andre arrangement i kyrkja. meiner kantor Per Olav Egeland og Håkon Urstad. Dei er med i flygelkomitéen som og består av Hilde Hanevik (frå soknerådet) og Jostein Tollaksen.

- *Kvifor treng kyrkja eit flygel?*

-Det nåverande pianoet er gamalt og viser fleire teikn på slitasje. Det er eit klassisk stovepiano i storleik og kvalitet, og er derfor ikkje eigna for eit stort kyrkjerom, seier Per Olav.

– Og når nytt skal skaffast, er det natuleg å satsa på eit flygel som kan gi ei betre musikkoppleving. På eit vanleg piano (eng: Upright Piano) står strengene vertikalt, mens dei på eit flygel (eng: Grand Piano) er plassert horisontalt. Dette gir rom for lengre strenger og større klang. Håkon held fram at gudstenester og annan aktivitet i kyrkja i stor grad er prega av musikk. Også med tanke på eit utvida kulturtilbod vil eit flygel vera verdifulle.

Orgelet vil framleis vera det primære instrumentet for å tonefølgje kyrkjelyden i salmesongen, men soknerådet meiner altså at tida er inne for byta ut pianoet med eit flygel. - Nokre av dei nye salmane i salmeboka gjer seg best med pianoakkompagnement. Og når ein har med songarar

eller instrumentalistar, trivst dei ofte best med flygel.

- *Kva er flygelkomitéen si oppgåve?*

I vedtaket frå soknerådet heiter det at flygelkomitéen skal vurdere type instrument, prisar og finansiering. Størrelse og kvalitet må møta krava til bruk i ei stor kyrkje. Det må kunna fylla kyrkjerommet i alle register, frå bass til diskant. Det må vera lettspelt for alle, også barn, og det må vera bygd for å tåla mykje bruk (demping på deksel og lås).

- *Korleis skal flygelet finansierast?*

Dei to i komitéen fortel om fleire planar om korleis pengar skal samlast inn: - Me vil ta kontakt med bankar og bedrifter som ser verdien på breitt grunnlag og be om støtte. Dessutan har me tankar om konsertar med aktørar av ulike slag og innsamling i kyrkjelyden. Me vil og søkja om offentleg støtte.

Meir informasjon om kva som skal skje vil koma seinare.

Per Olav og Håkon meiner at det å jobba for eit slikt felles mål, vil skapa engasjement og verdifullt samhald i kyrkjelyden.

RT

"Søndagstreff"



Bryne kyrkje

Kl 1800: Allsong, kaffi og drøs i peisestova

Kl 1900: Gudsteneste i kyrkjesalen

Søndag 10. september

Søndag 1. oktober

Søndag 5. november

Søndag 10. desember

Arrangementa er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Bibelkveldar

Bryne kyrkje

Hausten 2017

Tema: Frimot i møte med utfordringar

Me vil prøva å setja ord på den uro som er i kyrkja. Men me ønsker først av alt å møta dette ved å sjå kva som kan gje oss frimot, og kva som skal vera haldepunkt for trua.

Det blir to undervisningstimar kvar kveld, og me tek til kl 19.00.

Høve til spørsmål, og matøkt.

I februar 2018 planlegg me bibelkveldar den 6. og 20.

Program:

Tirsdag 10. oktober:

1. Sofie Braut: Mellom resignasjon – og nytt frimot.

2. Jens Olav Mæland: Trua sine «fundament»; berekraft i ei turbulent tid.

Tirsdag 24. oktober:

1. Anne Lise Matre: «Herre lær oss å be!»

2. Stein Ødegård: Det kristne fellesskap – gåve og utfordring.

Komité: Brit Frøyland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland



Salmekonsert

Bryne kyrkje 8. juli kl 20.30

Konserten avsluttar soknepresten si 60-årsfeiring og er til inntekt for flygel i kyrkja.



Nye salmar av Stein Ødegård og Mons Leidvin Takle i forteljning, framføring og allsang.

I tillegg deltek: Jærklang, Inger-Kathrine Fossdal, Bjarte Lending Stort kakebord og kaffi til alle etter konserten

Konserten er gratis og open for alle.

Dei som vil gje ei gåve til flygel, kan ta med kontantantar, trekkja bankkortet eller overføra til kontonummer: 33252500486.

Merk: Flygel



Trusopplæring i Den norske kyrkja



Trusopplæring i kyrkjelydane våren 2017

Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.
Me deler kristne tradisjonar og verdier.
Me deler opplevingar og fellesskap.
Me deler håp og kjærleik.

Babysong på Undheim

Me vil fortsatt ha tilbod om babysong på Undheim og småsong på Lye annakvar onsdag. På Lye har me samlingane saman med Lykkeliten opne barnehage. Sjå meir på www.lyeforsamlingshus.no På Undheim er det og open barnehage samtidig med babysong.

Oppstart Lykkeliten: 23. august. Songsamling kl 1030. Barnehagen er open kl 0930-1230.

Oppstart babysong på Undheim: 13. september kl 1030



Utdeling av 4-års bok

Alle 4-åringane får invitasjon til ei gudsteneste der dei får utdelt sin eigen barnebibel.


Undheim kyrkje 3. september kl 1030

Bryne kyrkje 22. oktober kl 1100

Time kyrkje 22. oktober kl 1100

Lye forsamlingshus 12. november kl 1030

Velkommen!



Hausttakkefest på Undheim

Toåringane på Undheim vert spesielt inviterte til hausttakkefesten 1. oktober kl 1030 i Undheim kyrkje. Velkommen!

Krøllekveld

Nytt denne hausten er Krøllekveld for treåringar. Alle som er fødte i 2014 vert inviterte til ei lita samling i ei av kyrkjene i september. I kyrkja har me ei samling der me syng og høyrer forteljinga om sauene som vart borte. Me må og leite etter lammet Krølle i kyrkja. Til slutt vil barna få utdelt boka «Kvar er Krølle?» Dette kan vere ein fin anledning både for foreldre og fadrar å vere med barnet til kyrkja.

Undheim kyrkje 7. september

Bryne kyrkje 12. september

Time kyrkje 14. september

Invitasjonar vert sende ut.

Velkommen!



Lye barnegospel

Me startar opp att 21. august kl 1705 på Lye forsamlingshus. Alle som fyller fem år i år er spesielt inviterte, og dei får eigen invitasjon i posten. Nytt for året er at ein kan vere med i Lye barnegospel frå det året ein fyller fem til og med fjerde klasse. Ta kontakt med Ragnhild Hanssen (ragnhild.hanssen@time-kyrkja.no) om de lurar på noko.

Les meir på www.lyeforsamlingshus.no.

Velkommen!

Jungelkoret

Oppstart til hausten vert 24. august i Bryne kyrkje. Alle som fyller fem år i år er spesielt inviterte, og dei får eigen invitasjon i posten. Øving annakvar torsdag kl 17.15-18.30. Ta kontakt med Per Olav Egeland (per.olav.egeland@time-kyrkja.no) om de lurar på noko. Les meir på www.brynekyrkja.no. Velkommen!



Vi ønskjer å invitere deg til

Bryne 9:13

Hausten 2017


For alle i 4 - 7. klasse.

Ca ein torsdag i månaden kl. 17.30 – 19.30 i Bryne kyrkje

Datoar kjem, følg med for semesterprogram og meir informasjon på www.brynekyrkja.no/9-13

 <p>RØRLEGGER ELEKTRIKER VARMEPUMPER UTENDØRS SPA</p> <p>www.ave.no • Tlf.: 09543 • Nærbø</p>	 <p>EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>	 <p>TIME ELEKTRO AS</p> <p>når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>
<p>JADARHUS Det lille ekstra</p> <p>• ARKITEKT • NYBYGG • PÅBYGG • OMBYGGING</p> <p>Avdeling Bryne Kontakt Arvid Braut — tlf. 95 23 75 23 — mail. arveidb@jadarhus.no Vesthagen 9, Bryne — www.jadarhus.no</p>	 <p>Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg</p> <p>Jaertannlegene.no 5148 4800</p>	<p>Johansen Elektriske as</p> <p>Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
<p>WACO</p> <p>Forsikringsmegling as</p>	<p>Sjekk Punkt BILVERKSTED</p> <p>www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS</p>	 <p>JÆREN HOTELL</p>

Madagaskar jubeltur



Leiar på turen: Hans Austnaberg. Bur på Bryne. Har vore misjonsprest på Madagaskar fra 1983-94. Professor i praktisk teologi ved VID vitenskapelige høyskole, Stavanger.

Hans Austnaberg:
Nå er muligheten komen til å sjå på nært hald det misjonsprosjektet Brynekyrkja har samla inn pengar til.

Dagane **17. - 30. oktober 2017** skal eg vera reiseleiar på ein tematur, der me m.a. skal besøka Alakamisy Ambohimaha og sjå på internatbygget me fekk reist.

Turen blir avslutta med storslått 150-års jubileumsfeiring for den gassisk-lutherske kyrkja.

Utdanning av leiarar i ei vaksande kyrkje

AVREISEDATO: 17.10.2017

VARIGHET: 13 dager

PRIS FRA: 27 820 kr

Linker for meir opplysning om turen:

<http://plussreiser.no/reiser/utdanning-av-ledere-i-en-voksande-kirke>

<http://plussreiser.no/reiser/utdanning-av-ledere-i-en-voksande-kirke/brosjyre/2121-170510-utdanning-av-ledere-i-en-voksande-kirke.pdf>



Samlingsfest NMS-foreningane

Fotland bedehus

Søndag 10. september kl 19.00

Talar Egil S.Eide
Songgruppa "Vitne"

Hjarteleg velkomen!



Basar

Lye forsamlingshus

Onsdag 27. sept kl 1830

Inntekt til: Nordea Mediemisjon



Lye forsamlingshus

Norea Mediemisjon Lye forsamlings hus onsdag 27 september kl.18.30
Tale og orientering av Martin Birkedal fra Norea
Sang av Vitne
Enkel bevertning
Alle hjerteleg velkommen.

Norsk Luthersk Misjonssamband



Pilegrimsvandringar på Jæren sommaren 2017

24. juni 2017 - Jonsok kl 14.00

Frå Tusenårsplassen ved Obrestad Hamn via Hå gamle prestegard og Kristkrossen på Njærheim. Tilbake via «Stille rom» på Obrestad fyr.
- Ta med mat og drikke.

29. juli 2017 - Olsok kl 16.00

Frå Tusenårsplassen ved Obrestad Hamn langs Kongevegen til friluftsgudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard kl 19.00. Ein kan også slutta seg til vandringa nedanfor Grødalandstunet. - Ta med mat og drikke.

Velkomne til å vere med langs ei fantastisk flott pilegrimslei og ein vakker turveg.

Arrangør: Pilegrimskomiteén i Jæren prosti

<p>EiendomsMegler 1</p>	<p>JÆRPRINT TRYKKERI & DESIGN</p>	<p>aktiv.</p> <p>Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg!</p> <p>Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no</p> <p>Vi meglere frem dine verdier www.aktiv.no</p>
<p>BERGENE MASKIN Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne</p> <p>Graving•Transport•Singel•Grus•Solla jord</p> <p>E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no Org.nr. NO 980 557 901 MVA www.bergenemaskin.no</p> <p>Arvid Bergene Daglig Leder Mob. 917 30 249</p>	<p>REMA 1000</p> <p>Håland 8-22 (9-20)</p> <p>Hognestadvegen 90 51 48 79 02</p>	
<p>PB PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p>jæren sparebank</p>
<p>AutoMester® bilverkstedkjeden</p> <p>JAN REIME BIL & KAROSSERI AS 4340 BRYNE, Hålandsveien 37 Tlf: 51 48 12 00</p>	<p>BYGGMESTER HERSDAL AS Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625</p>	<p>HOLMANE Bil Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80</p> <p>Jeep ISUZU SSANGYONG</p>
<p>Jæren Kristne Bokhandel Storgata 26, Bryne Tlf. 404 30 467 e-post: post@jaerenkristnebokhandel.no</p>	<p>BLIFADDER! www.blifadder.no ☎ 22 94 26 00</p>	<p>Bogh Lafoø als TOYOTA Fossveien 3, 4373 Egersund tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no</p>

haver

Haver Advokatfirma A/S
Øgårdsbakken 3, Bryne
telefon 51 77 00 50

JÆREN MISJONS RADIO
Nærradioen med godt nytt

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9
www.jmradio.no

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.

Skaperverket



Dagpåflugloye

Sommerfugler - himmelens blomster! Lette og elegante – og de gir glede der de viser seg.

Se hvor flott de superlette skapningene er laget: vinger og kropp av kitin (verdens letteste byggestoff!) og med innvendige luftsekker som gir hurtig tilgang på oksygen. Urinen er nærmest "tørr" urinsyre (urea), og formeringen skjer via lette egg som slippes i det fri.

Dagpåflugloyet (bilde) er en "østlending" som de siste årene har spredt seg vestover til oss. Vingene er vakkert burgunderfarget og med en øyentegning på hver vinge. Dette gir sommerfuglen en viss beskyttelse mot småfugl og rovinsekter som føler seg oppdaget, og som dermed nøler med å ta den.

Admiralen (bilde) er en annen lett kjennelig art; brunsvarte vinger med røde tverrbånd. Med den lette kroppen sin kommer den hver vår til Norge fra Sør-Europa og Nord-Afrika. Sommerfuglen er hos oss til kulda tar den, men neste vår kommer det nye sørfra.

En liten del av dyrelivet vårt er altså "import" fra varmere strøk!
Tekst og foto: Tore Randulff Nielsen



Admiral

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-2/17

P	R	I	S	E	G	→	E	R	↘
A	R	S	P	L	A	N	T	I	O
S	T	R	I	D	S	A	T	P	P
K	R	A	N	E	A	S	E	S	P
E	I	E	D	M	P	A	R	I	S
S	O	L	E	M	E	R	K	E	T
A	T	I	L	A	T	E	L	R	O
L	U	T	V	U	R	A	A	A	D
M	T	T	E	S	A	R	N	T	A
E	T	E	V	I	L	←	G	O	↓

Vi følger opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

Sokneprest Samuelsen hadde en klokke som ikke var redd for å si fra - om det var noe.
En søndag ble Samuelsen overrasket av en plutselig regnbyge slik at han kom ganske bløt inn i sakrestiet. Der klaget han sin nød til klokkeren som ikke var sen om å svare følgende: *Ikke bry deg - du blir fort tørre når du kommer opp på prekestolen!*

KA

HelgeKryssord-3/17

av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
11	12			→			13		↘
14				15	16			17	
18				19	20			21	
22			23		24		25		↓
26			27			28	29	30	
31	32			33				34	
35				36					
37						←		38	↘
39			40		41	42			43

Vassrett

- Den Heilage Ande
- Guds ord til Paulus (2. Korintar brev kap.12)
- Pass
- Utan promille
- Halda av
- Ordnar
- Røykstove
- Rommål
- Sølv
- Pronomen
- Brødtype
- Tidleg pensjon
- Bygd i Time
- Hovudstad
- Hagereiskapen
- Skratta
- Gruppe
- Gutenamn
- Meisterskap
- Retning
- Det å eigne til seg ubyggt land
- Nitrogen
- Like bokstavar
- Noreg
- Futt
- Svovel
- Uran
- Kvinnenamn
- Rask
- Nekting
- Bedehus
- Kvinnenamn
- Berre
- Arva
- Nano
- Tyskland
- Lengdeining

Loddrett

- Heilagdom
- Kvinnenamn
- Vitalitet
- Uærlig forretning
- Tusen
- Kvinnenamn
- Særskild gjvnad (ft.)

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)

tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)

tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105

Sokneprest Johannes Nedreld

tlf. 926 55 645

Diakon Marit Høie Hetland

tlf. 48 89 69 19

Diakonvikar Ann Iren Tjelta Ravndal

tlf. 48 89 72 32

Er du festar til gamle graver?



Denne kassa er sett opp ved inngangen til kyrkjegarden. Har kan ein levere inn gravskilt.

– Vi ønskjer å kome i kontakt med personar som ønskjer å festa gamle graver på Time kyrkjegard, seier Siri Vik ved Time kyrkjekontor. – Vi har sett opp skilt på mange graver på gravfelt som vart tekne i bruk mellom 1930 og 1950.

Vik fortel at det ikkje er registrert festarar til desse gravene.

– Vi ber pårørande som har ansvar for desse gravene om å ta kontakt med Time kyrkjekontor. Dersom ikkje

nokon melder seg innan fristen som er januar 2018, vert gravene sletta. Sjølve skiltet kan leverast i ei kasse som er sett opp ved inngangen til gravplassen ved bårhuset. Skilta skal ikkje kastast.

Det er eit ganske omfattande arbeid som no har starta. Siri Vik fortel at ein tek felt for felt på kyrkjegarden. Arbeidet med å finne festarar til gravene vil ta mange år.

Vil du gi en gave til Normisjon?

Kontor: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no



Støttegrupper Kyrkja sitt tilbud til etterlatte

Det finst tilbud om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

12.03.2017: Vigdis Efteland, Emilie Friestad Reiestad

01.04.2017: Maren Halvorsrød, Elisa Norland Høien, Ida Gjerden Risa, Julie Grøtte Sivertsen

09.04.2017: William Lunde Håland, Sofia Pereira Nummedal, Olander Valen Støle

07.05.2017: Emilie Eitrheim, Ravn Kvalvik Steinnes

TIME KYRKJE

12.03.2017: Linneah Espeland, Aron Heland, Gustav Lund Skaaland

01.04.2017: Fabian Emil Nicolaisen-Stordal, Liv Serigstad, Johan Stakkestad, Ine Verdal

09.04.2017: Emmet Alvær Herigstad, Noah Høbberstad, Gabriel Salte Jørgensen, Alvin Skårland Nedrebø

16.04.2017: Sindre Fosse, Matheo Oftedal

23.04.2017: Trygve Oma

30.04.2017: Pål-André Mevik

07.05.2017: Marte Njærheim Grytten, Helle Kleppe-Strømø, Karen Wiig Siqveland

LYE FORSAMLINGSHUS

19.03.2017: Isabella Wold-Barane

30.04.2017: Nikolas Pedersen-Barane

UNDHEIM KYRKJE

11.12.2016: Lilly Pedersen

08.01.2017: Bjarte Evertsen Sakseide

19.03.2017: Ingrid Kronfeldt Tunheim

30.04.2017: Theo Haugland, Filip Høiland, Alina Undheim



VIGDE

TIME KYRKJE

08.04.2017: Heidi Gudmestad og Harald Strand

BRYNE KYRKJE

13.05.2017: Bjørg Kjellingland og Tor Magnus Sivertsen



DØDE

Elisabeth Skaar (Karmøy), Sven Line (Orre), Eystein Edmund Sandvik (Klepp), Tordis Ingebjørg Sirevåg (Ogna), Ingolv Helland, Odd Holen, Einar Knutson Time, Thea Helland, Thomas Aasheim, Astrid Øvstebø, Jens Gausland, Ragnvald Haugland, Stella Marie Frøyland, Marie Therese Hetland, Gudrun Johanna Wold, Erling Dagsland, Jonas B Auestad, Helge Hareland, Kjellaug Grødem, Odd Endre Hovstad, Martin Thu

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTELEFON

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Bryne
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå
D Ø G N V A K T
51 97 29 00
Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting
og Brikt Goa
Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger
STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no

Begravelsesbyrå
Obed Bryne
Begravelsesbyrå
www.obed.no
tlf: 51 77 80 80
24-timers vakttelefon
Skulegata 9, 4340 Bryne

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes
51 61 04 00
Hele døgnet
Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal
www.novabegravelse.no

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"
Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døyddde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen



Velkommen til
gudsteneste

Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

**Søndag 4. juni**

Undheim kyrkje
Bryne kyrkje
Time kyrkje

Pinsedag

kl 10.30
kl 11.00
kl 11.00

Joh. 20, 19-23

Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Søndagsskule
Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Løvegjeng

Søndag 11. juni

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

Treeinings.sønd.

kl 10.30
kl 10.30
kl 11.00

Matt 28, 16 – 20

Gudsteneste. Nattverd
Familiegudsteneste
Gudsteneste. Dåp og nattverd

Søndag 18. juni

Undheim kyrkje
Bryne kyrkje
Time kyrkje

2. s. i treeiningst.

kl 10.30
kl 11.00
kl 11.00

Luk 14, 5 - 17

Gudsteneste
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp. 50 års konf.jubileum. Løvegjeng

Frå 25. juni til 13. august har vi sommarturnus i kyrkjene. Det vil seia at det bare er gudsteneste i ei av kyrkjene kvar søndag. Alle gudstenester byrjar kl 10.30. Velkommen til å besøkje ei anna kyrkja enn den du vanlegvis går i.

Søndag 25. juni

Bryne kyrkje

3. s. i treeiningst.

kl 10.30

Luk 14, 15 - 24

Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Jungelgjeng

Søndag 2. juli

Bryne kyrkje

4. s. i treeiningst.

kl 10.30

Mark 10, 17 – 27

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Søndag 9. juli

Time kyrkje

5. s. i treeiningst.

kl 10.30

Matt 7, 15 – 20

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Søndag 16. juli

Bryne kyrkje

Aposteldagen

kl 10.30

Luk 5, 1 – 11

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Søndag 23. juli

Undheim kyrkje

7. s. i treeiningst.

kl 10.30

Luk 15, 1 – 10

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Søndag 30. juli

Time kyrkje

8. s. i treeiningst.

kl 10.30

Matt 6, 19 – 24

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Søndag 8. august

Bryne kyrkje

9. s. i treeiningst.

kl 10.30

Matt 11, 28 – 30

Gudsteneste. Nattverd

Søndag 13. august

Time kyrkje

10. s. i treeiningst.

kl 10.30

Luk 5, 27 – 32

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Søndag 20. august

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

11. s. i treeiningst.

kl 10.30
kl 10.30
kl 11.00

Matt. 23, 37 – 39

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Søndagsskule
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng

Søndag 27. august

Bryne kyrkje
Time kyrkje
Bryne kyrkje

12. s. i treeiningst.

kl 11.00
kl 11.00
kl 19.00

Luk 15, 11 – 32

Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng
Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Søndag 3. sept

Undheim kyrkje
Lye forsamlingshus
Bryne kyrkje

13. s i treeiningst.

kl 10.30
kl 10.30
kl 11.00

Matt 25, 14 – 30

Familiegudsteneste
Gudsteneste
Gudsteneste. Dåp

Søndag 10. sept

Bryne kyrkje
Time kyrkje

Vingardssønd.

kl 11.00
kl 11.00

Matt 20, 1 – 16

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd

Søndag 17. sept

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje
Bryne kyrkje

15. s. i treeiningst.

kl 10.30
kl 10.30
kl 11.00
kl 19.00

Matt 7, 24 – 28

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste
Gudsteneste med familiefokus
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Søndag 24. sept

Time kyrkje
Bryne kyrkje

16. s. i treeiningst.

kl 11.00
kl 11.00

mark 7, 31 – 37

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd

Laurdag 30. sept

Time kyrkje

kl 15.15

Dåpsgudsteneste

GOD SOMMAR